

# ABRAHAM'S BARN

OPPGÅVEARK

DET  
NORSKE  
TEATRET



# OPPGÅVER

Til førebuing:

1. Når oppstod jødedommen, kristendommen og islam?
2. På kva måte hevdar dei tre religionane å ha Abraham som stamfar?
3. Kva er felles for, og kva skil dei tre religionane?
4. Kva for heilage bøker har jødedommen, kristendommen og islam?
5. Kva for reglar følgjer dei tre religionane?
6. Definer kva ein monoteist er? Er ein kristen ein monoteist? Viss ja, korleis kan ein svare for treeinigheita?
7. Opphavet til dei tre religionane er kanskje ganske like, men praksisen er ulik. Fortel korleis praksisen til religionane skil seg frå kvarandre.
8. Er Allah og Gud den same? Diskutér.
9. Jødedommens bibel heiter Tanach. Kva kan ein sidestille den med i kristendommen?
10. Tindberg gjengir fleire historier som er samanfallande for dei tre religionane jødedommen, kristendommen og islam. Nemn nokre av dei og peik på likskapar og forskjellar.
11. Les tekstane på nettsida til Det Norske Teatret om korleis det er å vere jøde, kristen og muslim i Noreg. Kva for positive og negative sider ved Noreg set dei lys på? Har dei tre tekstane noko felles? Diskutér i plenum.
12. Kva er toleranse? Dramatiser eller skriv eit essay.

## KUNSTNARLEG LAG

Av og med Svein Tindberg  
Omsetjing: Ola E. Bø  
Regissør: Kjetil Bang-Hansen  
Scenograf: John-Kristian  
Alsaker  
Lysdesign: Ola Bråten  
Dramaturg: Ola E. Bø

## Utdrag frå læreplan i religion og etikk:

Faget skal bidra til kunnskap om og respekt for ulike religiøse, livsynsmessige og etiske ståstader i lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv.

Kompetansemål:  
Eleven skal kunne:  
drøfte samarbeid og spenningar mellom religionar og livssyn og reflektere over det pluralistiske samfunnet som ei etisk og filosofisk utfordring.

---

## LES MEIR

På nettsida til Det Norske Teatret finn du tekstar du kan bruke til fordjupning rundt framsyninga.

- TROND BAKKEVIG: Å VERE KRISTEN I NOREG
- ERVIN KOHN: Å VERE JØDE I NOREG
- ZAKARIA SAALITI: KORLEIS ER DET Å LEVE SOM MUSLIM I NOREG?